



## Notat

Dato: 04.12.2017  
Arkivsak: 2016/4239-42  
Saksbehandlar: ROABREI

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Roald Breistein

---

### Garanti i samband med sykkel VM 2017

I samband med møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 29.11.2017 vart m.a. dette protokollert under sak PS 136/17 Eventuelt:

#### «*Handsaming i møte*

*Kristian Helland (KrF) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sin garanti til sykkel VM i høve at beløpet vert halde tilbake i påvente av tilbakeføring av standard på vegen. Kontrollutvalet ber om å få tilsend kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven. Dette vert lagt fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.*

#### **Vedtak**

*Kontrollutvalet ber om å få tilsend kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven til sykkel VM 2017. Dette skal leggest fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.»*

#### Påskrift frå sekretariatet:

Neste møte i kontrollutvalet skal haldast 18.12.2017 og møteinnkalling skal sendast ut måndag 11.12.2017. Dei etterspurde dokumenta må difor sendast sekretariatet **seinast innan fredag 08.12.17 kl. 12.00** for at dei skal rekke utsendinga.

Kopi til:

ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA